



# KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

Vestnes, 28. oktober 2019

Til medlemmene i kontrollutvalet

## MØTEINNKALLING

**MØTE NR.:** 5/19

**TID:** 4.11.2019 kl. 13:00

**STED:** Formannskapssalen, Vestnes kommunehus

### SAKSLISTE:

#### UTV. SAKSNR. TITTEL

PS 34/19	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 2. SEPTEMBER 2019
PS 35/19	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 36/19	BESTILLING AV RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING AV KOMMUNEN SI VERKSEMD OG VERKSEMD I SELSKAP – SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON
PS 37/19	BESTILLING AV RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING AV KOMMUNEN SITT EIGARSKAP – SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL
PS 38/19	REVISJONS-OG KOMMUNIKASJONSPLAN 2019
PS 39/19	OPPFØLGINGSLISTE
PS 40/19	EVENTUELT

**Praktisk informasjon og opplæring vil vere hovuddelen av dette møte. Dette ligg inne i sak 35/19 Referat og orienteringar.**

Dersom det er saker kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i seinare møte, kan dette gjerast under **Eventuelt**.

Eventuelle forfall må ein melde på tlf. 71 11 15 79, evt. mob 91 37 11 12.

E-post: [jane.anita.aspen@molde.kommune.no](mailto:jane.anita.aspen@molde.kommune.no) eller [postmottak@kontrollutvalgromsdal.no](mailto:postmottak@kontrollutvalgromsdal.no)

Innkallinga går som melding til varamedlemmene som vert innkalla etter behov.

Inge Bergum (s)  
utvalsleiar

Jane Anita Aspen  
daglig leder

### Kopi:

Ordfører

Administrasjonssjef

Møre og Romsdal Revisjon IKS



**VESTNES KOMMUNE**  
**Kontrollutvalet**

Saksmappe: 2019-1535/05  
Arkiv: 033 & 17  
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen  
Dato: 22.10.2019

**Saksframlegg**

<b>Utvalgssaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 34/19	Kontrollutvalet	4.11.2019

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 2. SEPTEMBER 2019**

**Sekretariatet si tilråding**

Protokollen frå møte 2. september 2019 vert godkjend.

**Bakgrunn for saka**

Vedlagt følgjer protokollen frå førre møte.

Protokollen er tidlegare utsendt. Det er ikkje kome merknader til protokollen.

Protokollen er elektronisk signeringert av møtedeltakarane. Den signerte protokollen følgjer med som u-trykt vedlegg.

Protokollen vert formelt godkjent i dette møte.

Jane Anita Aspen  
daglig leder



# KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

## MØTEPROTOKOLL

Møte nr: 4/19  
Møtedato: 2.9.2019  
Tid: Kl. 13.00 – kl. 16.10  
Møtestad: Formannskapssalen, Vestnes kommunehus  
Sak nr: 25/19 – 33/19  
Møteleiar: Stig Holmstrøm, leiar (Ap)  
Møtande medlemmer: Gro Ødegård, nestleiar (Uavh.)  
Dagfinn Wiik (Pp)  
Frank Ove Belsvik (Frp)  
Forfall: Birgit Torkildson Grotle (Ap)  
Ikkje møtt: Ingen  
Møtande vara: Lars Christian Fjørtoft (V)  
Frå sekretariatet: Jane Anita Aspen, daglig leder  
Frå revisjonen: Ingen  
Av øvrige møtte: Tone Roaldsnes, administrasjonssjef (OS 03/19, OS 04/19 og sak 26/19)  
Emil Balstad, einingsleiar/byggherre (OS 03/19 og sak 26/19),  
Nils Reimer Eidhammer, økonomirådgjevar (sak 26/19)

Leiaren ønska velkommen og leia møtet.

Sekretær opplyste utvalet om at sekretariatet si framlegg til vedtak i sak 28/19 ikkje gjekk fram av møteinnkallinga. Denne tilrådinga vart delt ut i møte. Det same vart vedlegg til OS 04/19.

Utvalsleiar fremja følgjande forslag som kontrollutvalet gav si tilslutning til:

*Kontrollutvalet vil ovafør kommunestyret beklage at det ikkje er vald ny 2. vara til for Ingrid Skjegstad.*

Gro Ødegård, opplyste at ho no stiller som uavhengig representant.

Sakliste og innkalling vart godkjent

### TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 24/19	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 26. JUNI 2019
PS 25/19	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 26/19	SLUTTRAPPORT/BYGGJEREKNESKAP «SJØFRONTEN»
PS 27/19	VURDDERING AV KONTROLLUTVALET SITT TILSYNSANSVAR FOR REVISJON – REVISJONSÅRET 2018
PS 28/19	REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET I VESTNES
PS 29/19	KONTROLLUTVALET SIN RAPPORT TIL KOMMUNESTYRET OM UTVALET SI VERKSEMD I VALPERIODN 2015-2019
PS 30/19	FORSLAG TIL BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET I VESTENS 2020
PS 32/19	OPPFØLGINGSLISTE

<b>PS 24/19</b>	<b>GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 26. JUNI 2019</b>
-----------------	--

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Protokollen frå møte 26. juni 2019 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Dagfinn Wiik
2. Gro Ødegård

**Kontrollutvalet si handsaming**

Dagfinn Wiik og Gro Ødegård vert peika ut til å underskrive protokollen frå møte 26.6.2019.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (5 voterande)

**Sekretariatet si tilråding**

Protokollen frå møte 26. juni 2019 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. ....
2. ....

<b>PS 25/19</b>	<b>REFERAT OG ORIENTERINGAR</b>
-----------------	---------------------------------

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

**Kontrollutvalet si handsaming****Referatsaker:**

- RS 25/19      **Nye vedtekter for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal**, Særutskrift, Vestnes kommunestyre 20.6.2019 sak 52/2019.
- RS 26/19      **Valg av kontrollutvalg for perioden 2019-2023**, brev datert 1.7.2019 frå Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) til kommunane.  
Utvalet merka seg at det i brevet vert oppmoda til at kontrollutvalet sine medlemmar bør få tilbod om å delta på folkevaldopplæringa som kommunestyret får tilbod om og at det er viktig at kontrollutvalet sin funksjon og rolle vert gjeve god plass i folkevaldopplæringa.
- RS 27/19      **Innkalling til stiftingsmøte Møre og Romsdal Revisjon SA 23.8.2019**, brev datert 9.8.2019, samt forslag til vedtekter.

**Orienteringssaker:**

- OS 03/19      **Dispensasjon frå kommuneplan og reguleringsplan**

Utvalet hadde bedt om ei orientering om bruk av dispensasjonar frå kommuneplan og reguleringsplanar i Vestnes kommune.

- Kor mange dispensasjonssøknader mottok kommunen?
- Kor stort omfang har desse i forhold til total søknadsmengde?
- I kor stor grad vert dispensasjonssøknadene innvilga?
- Kva er årsaka?

Einingsleiar for tekniske tenester Emil Balstad orienterte utvalet, supplert av administrasjonssjef Tone Roaldsnes.

Innleiingsvis orienterte administrasjonssjefen om at einingsleiar Emil Balstad har innstillingsrett til Planutvalet. Dette er delegert frå administrasjonssjefen. Han har også fått delegert mynde til å ta administrative avgjerder.

Emil Balstad vektlegg at dispensasjonssaker også er ein del av arealforvaltninga. Det er planutvalet som ha fått delegert mynde til å avgjere dispensasjonssaker.

Dispensasjonssaker kan ver mykje:

- frå kommuneplanen sin arealdel
- frå reguleringsplanar
- frå veglov
- frå jordlov
- frå tekniske forskrifter

Balstad opplyser at antall saker fordeler seg slik:

År	Tal på saker	Dispensasjonssaker	Avslag på dispensasjon
2016	255	39	4
2017	257	36	1
2018	216	27	1
2019 (so langt)	136	23	1

Årsaker til at det oppstår dispensasjonssøknader:

- ønskje om tiltak nærare tomtegrense eller veg
- ønskje om å nytte større del av tomta
- gamle plandokument
- ønskje om å opprette nye eigedomar/ ta i bruk nye områder til bustadføremål
- vegar

Einingsleiar opplyser at mange dispensasjonssaker er knytt til reguleringsplanar, men også avvik frå tekniske forskrifter.

Administrasjonssjefen opplyser at dette er eit område der mindre er delegert frå politisk nivå til administrativ avgjerder, enn ein kan sjå på andre fagfelt. Planutvalet er klagenemnd og sakene er synlege, då det vert teke politiske avgjerer.

Emil Balstad vektlegg at dersom det er snakk om store inngrep, for eksempel for andre personar som har etablert seg i eit område, så vert det råd til reguleringsendring framfor å gje dispensasjonar.

Statens Vegvesen, Fylkeskommunen og Fylkesmannen er høyringsinstansar ved dispensasjonssaker frå kommuneplanen sin arealdel . Einingsleiar understrekar at fråsegner veg tungt, men vil ikkje vere avgjerande for utfallet av saka. Det må gjerast ei heilskapleg vurdering.

Fylkesmannen rår ofte til reguleringsendring framføre å gje dispensasjon. Ulempe med dette er tidsaspektet for søkar. Det tek ofte lang tid å få til ei reguleringsendring. Politikarane ønskjer difor i stor grad å gje dispensasjonar.

Administrasjonssjefen understrekar at når ein lagar ein arealplan for eit område i ein kommune, så kan det vere vanskeleg å fange opp alle behov som oppstår i framtida. Det blir då behov for å handsame dispensasjonar, om ein ikkje har klart å fange det opp i arealplanprosessen.

Einingsleiar for tekniske tenester Emil Balstad og administrasjonssjef Tone Roaldsnes svarte på spørsmål frå utvalet undervegs i orienteringa.

OS 04/19

### **Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester»**

Kontrollutvalet hadde bedt om ein statusrapport for oppfølging av tilrådingane i rapporten.

Kontrollutvalet har mottatt «Tilbakemelding frå administrasjonssjefen – Forvaltningsrevisjonsrapport – Helsestasjon- og skulehelsetenester i Vestnes kommune», brev datert 20.8.2019.

Sekretær delte ut brosjyra «Psykisk helseteam for barn og unge». Dette var vedlegg til brevet frå administrasjonssjefen, men hadde ikkje blitt med i møtedokumentet.

Administrasjonssjef Tone Roaldsnes opplyser til utvalet at kommunen opplever at henvising til spesialisthelsetenesta er krevjande. Lettare psykiske vanskar er i følgje prioriteringsrettleiaren til helseføretaket, kommunane sitt ansvar.

Det vert også nemnt andre utfordringar dei har støytt på. Drøfting av saker anonymt, vert opplevd som vanskeleg å gjennomføre. Ein har difor kome fram til at det er naudsynt å innhente samtykke frå foreldra, før problemstillingar vert drøfta i team. Tone Roaldsnes opplyser at det også vil vere naudsynt å gjere avgrensingar mellom kva «psykisk helseteam for barn og unge» skal ha ansvar for og kva dei tverrfaglege helseteama ved skulane skal gjere.

Administrasjonssjefen opplyser at kommunen har fått prosjektmidlar til 1 stilling knytt til «Prosjekt psykisk helseteam for barn og unge i Vestnes». Det vert ei utfordring å finne eigne midlar, når prosjektmidlane vert nedtrappa, seier administrasjonssjefen.

Utkast til kompetanseplan for Vestnes kommune, opplyser administrasjonssjefen at no er ferdig. Plana kjem truleg opp til politisk handsaming i kommunestyret i januar 2020,.

Utvalet er nøgd med oppfølginga av tilrådingane i forvaltningsrevisjonsprosjektet, men vil rå det nye utvalet til å halde seg orientert om utviklinga av «Prosjekt psykisk helseteam for barn og unge i Vestnes».

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

<b>PS 26/19</b>	<b>SLUTTRAPPORT/BYGGJEREKNESKAP «SJØFRONTEN»</b>
-----------------	--

### **Kontrollutvalet si fråsegn**

Kontrollutvalet har i møte 2.9.2019 i sak 26/19 handsama sluttrekneskap for prosjekt «Sjøfronten».

Grunnlaget for handsaminga har vore Sluttrapport/Byggjerekneskap «Sjøfronten», mottatt 14.8.2019 og revisor sin uttale, datert 22.8.2019. Sluttrapport/Byggjerekneskap er datert til august 2019 og signert av administrasjonssjefen.

Det går fram av prosjektrapporten at byggherre har vore Emil Balstad. Byggeleiar har vore Per Åge Breivik hos Norconsult AS.

Prosjektet er finansiert gjennom Vestnes kommune sitt investeringsbudsjett, bidrag frå næringslivet og tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Tilskota frå Møre og Romsdal fylkeskommune og Gas-Ror vert utbetalt på bakgrunn av godkjent og revisorattestert sluttrapport/byggjerekneskap.

Prosjektet har eit mindreforbruk på 245 000,-, i sluttsummen er det avsett 200 000,- til noko attståande arbeid.

Av vedlagt rapport frå byggeleiar, så enda entreprisarbeidet på 15,069 mill. kr. eks. mva, noko som var i overkant av det budsjetterte, som var 13,081 mill. kr. eks. mva. Dette gir ei auke på 15,2 % frå kontraktsum til ferdigstilling. Dette er noko i overkant av det ein normalt forventar, går det fram av sluttrapport frå byggeleiar. Ekstraarbeid beskrive i rapporten utgjorde 5,6 % av auka.

Det går fram av rapporten at når alle tilskot er kome inn, så vil kommunen sin del av utgiftene ende på kr. 8 487 000,-. Dett er kr 360 000,- lågare enn det som opphavleg var lagt opp til.

På grunnlag av Sluttrapport/Byggjerekneskap og revisor sin uttale, vil kontrollutvalet rå til at Vestnes kommunestyre godkjenner rekneskapen for «Sjøfronten»

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Økonomirådgevar Nils Reimer Eidhammer og einingsleiar tekniske tenester/byggherre Emil Balstad, orienterte utvalet. Administrasjonssjef Tone Roaldsnes var også tilstades under behandling av denne saka.

Eidhammer har hatt ansvar for den økonomiske oppfølginga, Balstad for den tekniske.

Balstad orienterte utvalet om nokre av utfordringane, som kjem fram av sluttrapporten.

Kontrollutvalet merka seg at revisjonen sin attest ikkje er revisjon, men ei kontrollhandling. Sekretæren vurderer at dette er tilstrekkeleg for dette prosjektet, som ikkje er så stort. Utvalet støttar sekretæren si vurdering om at dersom det er større prosjekt, som til dømes utbygging av skular eller sjukeheimar, så bør ein vurdere å bestille ein meir omfattande kontroll frå revisjonen si side.

Administrasjonen svarte på spørsmål frå utvalet undervegs i orienteringa.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak om fråsegn i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

<b>PS 27/19</b>	<b>VURDERING AV KONROLLUTVALET SITT TILSYNSANSVAR FOR REVISJON – REVISJONSÅRET 2018</b>
-----------------	---

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet sluttar seg til dei vurderingar som går fram av dokumentet «Kontrollutvalet sitt tilsynsansvar 2018»

Ut frå den vedlagte gjennomgangen vert det vurdert at revisjonsordninga som Vestnes kommune har hatt revisjonsåret 2018, har vore forsvarleg.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Sekretæren gav ei kort orientering om vurderingane som er gjort.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

<b>PS 28/19</b>	<b>REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET I VESTNES</b>
-----------------	--

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet vedtek forslag til **Reglement for kontrollutvalet i Vestnes kommune, slik det går fram av vedlegg til saka**. Saka vert lagt frem for kommunestyret med følgjande innstilling:

Kommunestyret godkjenner **Reglement for kontrollutvalet i Vestnes kommune**

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Sekretær opplyste utvalet om at sekretariatet sitt framlegg til vedtak i saka ikkje gjekk fram av møteinnkallinga. Denne tilrådinga vart delt ut innleiingsvis i møte.

Sekretæren gav utvalet ei orientering om dei viktigaste endringane som er gjort i forhold til tidlegare reglement.

Utvalet drøfta utkastet, og då særleg endringane i § 2 Val- og samansetting. Kontrollutvalet støttar sekretariatet sitt utkast til reglement.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

<b>PS 29/19</b>	<b>KONTROLLUTVALET SIN RAPPORT TIL KOMMUNESTYRET OM UTVALET SI VERKSEMD I VALPERIODEN 2015-2019</b>
-----------------	---

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner vedlagte rapport om utvalet si verksemd i valperioden 2015 – 2019 som vert sendt over til kommunestyret med følgjande tilråding:

Kommunestyret tek framlagt rapport om kontrollutvalet si verksemd i valperioden 2015 – 2019 til vitande.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Utvalet gjekk gjennom rapporten og vurderte om det var behov for suppleringar eller korrigeringar.

Sidan sekretariatet hadde gjort ferdig rapporten, før administrasjonen oversendte Sluttrapport/Byggjerekneskap «Sjøfronten», så er det behov for å korrigere ei setning under kap. 4 Rekneskapsrevisjon, 3. avsnitt, før oversending til kommunestyret:



Kontrollutvalet har ikkje fått seg førelagt sluttrapportar for slike investeringsprosjekt denne valperioden.

Kontrollutvalet har i siste møte denne valperioden, fått seg førelagt sluttrekneskap/Byggjerekneskap for «Sjøfronten».

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

PS 30/19	FORSLAG TIL BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET I VESTNES 2020
----------	--

### Kontrollutvalet si innstilling

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2020 med ei ramme på kr 1 032 643.-, inkludert kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet, vert vedteke.

### Kontrollutvalet si handsaming

Sekretær opplyste innleiingsvis at det er feil i ei setning i saksframlegget, under overskrifta «Kommentarar til nokre av budsjettpostane», 1380 – Kjøp tenester frå eigne verksemdar:

~~Sjølvs om budsjettet til sekretariatet er litt lågare enn i 2019, så går Vestnes kommune sin del av kostnadene litt opp, grunna ny modell og to færre kommunar i samarbeidet.~~

Det skal stå:

Budsjettet til sekretariatet er litt høgare enn i 2019. Dette saman med ny modell for kostnadsfordeling og to færre kommunar i samarbeidet, medverkar til at Vestnes kommune sin del av kostnadene går litt opp.

Utvalsleiar påpeikar at under 1080 Godtgjersle folkevalde, så har talet på møter som vert avvikla i dag falle bort. Det skal stå: Kontrollutvalet avviklar i dag 5 møter, ...

Utvalet diskuterte forslag til budsjett, og understrekar at det er viktig at det er tilstrekkeleg midlar til opplæring av nye utvalsmedlemmer.

Det vart ikkje fremja forslag til endringar i sekretariatet sitt budsjettforslag.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

PS 31/19	OPPFØLGINGSLISTE
----------	------------------

### Kontrollutvalet sitt vedtak

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

#### Internkontroll i Vestnes kommune

Kontrollutvalet ønskjer orientering om administrasjonssjefen sin internkontroll (herunder organisering, delegasjon, fullmakter, tilvisningsmynde etc.) i kommunen. I tilsynsrapporten frå Helsetilsynet v/ Fylkesmannen i Møre og Romsdal som vart lagt fram i møtet 13.03.2013 kom det fram at leiinga i kommunen i liten grad har arbeidd med internkontrollen for dei tenesteområda som omfattast av tilsynet. Det vart òg peika på, og vist til tidlegare tilsyn, at kommunen ikkje hadde tilfredstillande system for behandling av avvik. Kontrollutvalet fekk ei orientering i møte 10.12.2013 om det nye internkontrollsystemet Risk Manager.

Kommunalsjef Rune Håseth informerte i møte 03.12.14 om at ein ikkje var kome så mykje lengre, enn når ein orienterte for eitt år sidan. Kontrollutvalet har fått jamlege statusrapportar.  
**02.09.19:** Utvalet utsatte å be om denne orienteringa til nytt utval.

**Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester»**  
Kontrollutvalet vedtok i møte 14.02.17 å bestille forvaltningsrevisjonsprosjektet «**Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester**». Prosjektplanen vart handsama i møte 02.05.17 sak 14/17. Rapporten vart lagt fram møte 02.10.17 sak PS 23/17 og i kommunestyret 19.10.17, sak 90/2017. Oppfølging av rapporten er venta i første møte 2019.

**02.09.19:** Utvalet fekk skriftleg statusrapport frå adm.sjef, jf. OS 04/19, samt munnleg orientering i møte. Utvalet er trygg på at administrasjonen følgjer opp tilrådingane på ein god måte og **avsluttar oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet**. Utvalet vil likevel rå det nye kontrollutvalet til å følgje opp utviklinga i «Prosjekt psykisk helse for barn og unge i Vestnes».

### **Innkjøp og offentlege anskaffingar**

Anskaffingsregelverket er omfattande og erfaringsvis er dette eit risikoområde som det er viktig at kontrollutvalet følgjer opp. Vestnes kommune deltek i innkjøpsamarbeidet på Sunnmøre. Deltakarar er Ålesund og 18 kommunar som er geografisk plassert rundt Ålesund. Kontrollutvalet ønskjer ei årleg oppdatering av status på innkjøpsområdet, bl.a. organisering av samarbeidet, status for rammeavtalar og korleis administrasjonssjefen sikrar at regelverket vert følgt.

**02.09.19:** Utvalet utsatte å be om denne orienteringa til nytt utval.

## **Kontrollutvalet si handsaming**

Leiar gjekk i gjennom dei sakene som står i oppfølgingslista.

Til dette møtet var det lagt opp til orientering frå administrasjonen knytt til følgjande sak på oppfølgingslista.

- **Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester»**, Jf. OS 04/19

Det vart ikkje fremja forslag om å føre opp nye saker på oppfølgingslista.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (5 voterande)

## **Sekretariatet si tilråding**

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

<b>PS 32/19</b>	<b>EVALUERING AV ARBEIDET I KONTROLLUTVALET VALPERIODEN 2015-2019</b>
-----------------	---

## **Kontrollutvalet si innstilling**

Resultatet av evalueringa av arbeidet i kontrollutvalet i Vestnes kommune i valperioden 2015-2019 vert lagt fram for nytt kontrollutval.

## **Kontrollutvalet si handsaming**

Utvalsmedlemmene hadde saman med møteinnkalling fått eit skjema til bruk i evalueringa, slik at dei kunne ver budd til møte.

Administrasjonssjef og ordførar var også invitert til å delta på evalueringa, men dei deltok ikkje.

Her er ei oppsummering av det som kom fram under evalueringa:

1. Utvalet er einig om at møta blir gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte.
2. Utvalet ser behov for å utvide til 6 møter i året.
3. Synspunkta rundt bordet kjem fram
4. Utvalet vurderer at dei har klart å fylle kontrollfunksjonen på ein god måte, dette viser rapporten frå kontrollutvalet si verksemd i valperioden.
5. Utvalet ser at det kunne vore ønskeleg med meir midlar til opplæring og fleire forvaltningsrevisjonar,
6. Vanskeleg for utvalet sjølv å vurdere korleis dei vert oppfatta av andre sentrale aktørar som administrasjon og kommunestyre, men opplever at dei vert tekne på alvor. Sjølv om det kan opplevast som noko lite engasjement frå kommunestyret om kontrollutvalet sitt arbeid.
7. Utvalet har inntrykk av at det er god forståing for kva rolle og ansvar kontrollutvalet har blant administrativ og politisk toppleing, men litt usikre på kva kunnskap det er blant vanlege kommunestyremedlemmer. Det vert gjeve uttrykk for at det å sitte i kontrollutvalet er ei ansvarsfull oppgåve, som bør kompensereast meir. Mellom anna fordi ein er hindra frå å ha andre verv når ein sit i kontrollutvalet.
8. Utvalet opplever det som klår rolle- og ansvarsdeling mellom kontrollutval, kommunestyret og administrasjon.
9. Utvalet vurderer at kontrollutvalet kanskje kunne vore meir synleg på kommunen si heimeside.
10. Utvalet vurderer at ein kunne gjennomført fleire verksemdsbesøk.
11. Samhandlinga med revisor fungerer godt.
12. Utvalet opplever god tilrettelegging frå revisjon og sekretariat i dette arbeidet.
13. Utvalet opplever at den tekniske kvaliteten på sakspapira kan forbetrast. Det vert opplevd som vanskeleg å følgje med kvar ein er i sakspapira når utvalet t.d. må hoppe mellom ulike saker i møta. Sekretariatet tek dette på alvor og har forsøkt å få til forbetringar i den digitale løysinga. Det vil bli jobba vidare med dette.
14. Utalet opplever at samhandlinga med sekretariatet fungerer bra.
15. Møteprotokollane er tilfredsstillande.
16. Oppfølging av kontrollutvalet sine vedtak fungerer bra.
17. Utvalet opplever ikkje å få så mange henvendingar frå innbyggjarar, tilsette og folkevalde. Men dei som utvalet mottek, vert grundig vurdert i forhold til om dette er ei sak som kontrollutvalet bør følgje opp.
18. Folkevalttopplæring for det nye kontrollutvalet bør innehalde kunnskap om forvaltningsnivå, rollefordeling og habilitet. Viktig at nye kontrollutvalsmedlemmer får delta på opplæringssamlinga/konferansar.
19. Kontrollutvalsmedlemmene bør få delta på folkevaldopplæringa for kommunestyret og roller og ansvar for kontrollutvalet bør presenterast her.  
Folkevaldopplæringa til kommunestyret bør vere minimum 2 dagar + oppfølging.
20. Utvalet gjev uttrykk for at arbeidet i kontrollutvalet har vore interessant og lærerikt.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

**Tiltaksplan 2019 – Kontrollutvalet i Vestnes**

Tiltaksplanen vart gjennomgått i møte.

Konklusjon

Det vart gjort følgjande korrigeringar i planen:

Oppgåver knytt til tilsyn med forvaltninga

- 02.09.19 Orientering om handsaming av dispensasjonssaker
- 02.09.19 ~~Økonomirapport 2. kvartal~~
- 02.09.19 ~~status innkjøp og offentlege anskaffingar~~
- 04.11.19 status innkjøp og offentlege anskaffingar
- 02.09.19 ~~status internkontrollsystem~~
- 04.11.19 status internkontrollsystem

Oppgåver knytt til rekneskapsrevisjon

- 02.09.19 Orientering om revisjosstrategien for revisjonsåret 2019
- 04.11.19 ~~Orientering om revisjosstrategien for revisjonsåret 2019~~

Oppgåver knytt til forvaltningsrevisjon

- 02.09.19 Statusrapport for oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Helsestasjon- og skolehelsetenester i Vestnes kommune».

Oppgåver knytt til tilsyn med revisjonen

- 02.09.19 Vurdering av kontrollutvalet sitt tilsynsansvar for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon, jf. NKRF sin rettleiar.
- 04.11.19 ~~Vurdering av kontrollutvalet sitt tilsynsansvar for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon, jf. NKRF sin rettleiar.~~

**Innspel til arbeidet med overordna analyse for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i Vestnes kommune**

Innan utgangen av 2020 skal Vestnes kommunestyre vedta ein plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2020-2023. Før planen vert utarbeidd, skal det utarbeidast ein overordna analyse av risikofaktorar i kommunen si verksemd. Denne analysa skal ligge til grunn for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll. Det nye kontrollutvalet vil i sitt først møte bestille utarbeiding av ei slik analyse

Utvalet sine medlemmer kom med følgjande framlegg til aktuelle risikoområder som ein ønskjer å bringe vidare til det nye utvalet i arbeidet med dei overordna analysane:

- **Stella Maris –**
  - Klarer ein å hente ut effektiviseringsgevinstane som vart lagt til grunn ved oppstart av prosjektet?
  - Klarer ein å ivareta behovet for omsorgsbustader og institusjonsplassar?
- **Skulestruktur i Vestnes**
  - Ny felles ungdomsskule i Vestnes
- **Vassforsyning/avløpshandtering**
  - Utskifting av røyr
  - Ansvarsfordeling mellom private vassverk og kommunen sitt ansvar
  - Sikring mot sabotasje, flom og nedbør
- **Kompetansebehovet i Vestnes kommune/rekrutteringsutfordringa**

## **Avslutning**

Då dette var det siste møtet for det sittande kontrollutvalet, takka utvalet sin leiar utvalsmedlemmene og sekretariatet for godt samarbeid gjennom denne valperioden.

Stig Holmstrøm  
leiar

Gro Ødegård  
nestleiar

Dagfinn Wiik  
medlem

Frank Ove Belsvik  
medlem

Lars Christian Fjørtoft  
varamedlem

Jane Anita Aspen  
sekretær



**VESTNES KOMMUNE**  
**Kontrollutvalet**

Saksmappe: 2019-1535/05  
Arkiv: 033 & 17  
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen  
Dato: 25.10.2019

**Saksframlegg**

<b>Utvalgssaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 35/19	Kontrollutvalet	4.11.2019

**REFERAT OG ORIENTERINGAR**

**Sekretariatet si tilråding**

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

**Bakgrunn for saka**

**Referatsaker:**

- RS 28/19 **Val av kontrollutval for perioden 2019-2023**, Særutskrift, Vestnes kommunestyre 3.10.2019 sak 69/2019 (vedlagt).
- RS 29/19 **Kontrollutvalet sin rapport til kommunestyret om utvalet si verksemd i valperioden 2015-2019**, Særutskrift, Vestnes kommunestyre 3.10.2019 sak 95/2019 (vedlagt).
- RS 30/19 **Reglement for kontrollutvalet i Vestnes**, Særutskrift, Vestnes kommunestyre 3.10.2019 sak 96/2019 (vedlagt).
- RS 31/19 **Budsjett for kontrollutvalet i Vestnes**, Særutskrift, Vestnes kommunestyre 3.10.2019 sak 97/2019 (vedlagt).
- RS 32/19 **Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet valperioden 2015-2019** (vedlagt).
- RS 33/19 **Møre og Romsdal Revisjon SA – protokoll fra stiftelsesmøte 23.8.2019** (vedlagt).
- RS 34/19 **Møre og Romsdal Revisjon SA – Stiftelsesdokument** (vedlagt)
- RS 35/19 **Møre og Romsdal Revisjon IKS – protokoll frå møte i representantskapet 18.10.2019** (Vedlagt).

**Orienteringssaker:**

- OS 05/19 **Opplæring for nytt kontrollutval**  
Orientering v/Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal (vedlagt)

Jane Anita Aspen  
daglig leder



# VESTNES KOMMUNE

## Servicekontoret

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal  
Rådhusplassen 1

6413 MOLDE

<b>Dato</b>	<b>Dykkar ref.</b>	<b>Vår ref.</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Saksbehandlar / Tlf</b>
07.10.2019		17083/2019	2019/1118	Silje Beate Sylte 71 18 40 43

### Særutskrift - Val av kontrollutval for perioden 2019 - 2023

Vestnes kommunestyre gjorde den 03.10.2019 følgjande vedtak i sak 69/2019 der de er vald til medlem/varamedlem i kontrollutvalet for Vestnes kommune 2019-2023:

Kontrollutvalet 2019-2023 får slik samansetning:

Parti/Gruppe	Medlem	Varamedlem
Sp/Krf/Frp/H	Torfinn Marken (Sp) Marianne Frøland	Svein Wiik (Frp) Arnhild Vestnes
V/Pp/Ap/Sv	Paul Hjelvik (Pp) Inge Bergum (Ap) Margrethe Anundsen (V)	Geir Stokkeland (Sv) Mari Karadash (Ap) Gayle Vestnes (Pp)

Leiar: Inge Bergum (Ap)  
Nestleiar: Paul Hjelvik (Pp)

### Kontaktinformasjon til dei valde:

Inge Bergum, Gjermundnesvegen 56, 6392 Vikebukt  
Tlf. 991 02 434, e-post: [ibergum@hotmail.com](mailto:ibergum@hotmail.com)

Paul Hjelvik, Leirvågvegen 216, 6390 Vestnes  
Tlf. 970 87 210, e-post: [paul\\_hjelvik@hotmail.com](mailto:paul_hjelvik@hotmail.com)

Torfinn Marken, Iverbakken 28, 6394 Fiksdal  
Tlf. 401 42 762, e-post: [torfinnmarken@gmail.com](mailto:torfinnmarken@gmail.com)

Marianne Frøland, Hellandhaugen 33, 6390 Vestnes  
Tlf. 901 02 398, e-post: [marianne.froland@smn.no](mailto:marianne.froland@smn.no)

---

<b>Postadresse:</b> Brugata 10 6390 Vestnes <a href="http://www.vestnes.kommune.no">www.vestnes.kommune.no</a>	<b>Telefon:</b> 71 18 40 00	<b>Telefaks:</b> 71 18 40 01	<b>Org.nr.</b> 939 901 965
---	--------------------------------	---------------------------------	-------------------------------

**E-post:** [postmottak@vestnes.kommune.no](mailto:postmottak@vestnes.kommune.no)

Margrethe Anundsen, Iverbakken 8, 6394 Fiksdal  
Tlf. 957 92 210, e-post: [margrethe.anundsen@live.no](mailto:margrethe.anundsen@live.no)

Svein Wiik, Brastadstranda 177, 6390 Vestnes  
Tlf. 406 08 980, e-post: [sveinwiik.no@gmail.com](mailto:sveinwiik.no@gmail.com)

Arnhild Vestnes, Hagnesvegen 32, 6390 Vestnes  
Tlf. 970 62 523, e-post: [arnkong@gmail.com](mailto:arnkong@gmail.com)

Geir Stokkeland, Søråsvegen 1, 6390 Vestnes  
Tlf. 977 02 155, e-post: [geir.stokkeland@mibox.no](mailto:geir.stokkeland@mibox.no)

Mari Karadash, Kollen 25, 6390 Vestnes  
Tlf. 997 07 711, e-post: [mari@karadash.no](mailto:mari@karadash.no)

Gayle Vestnes, Hagnesvegen 109, 6390 Vestnes  
Tlf. 948 02 176, e-post: [gaylevestnes@hotmail.com](mailto:gaylevestnes@hotmail.com)

Heile behandlinga av saka kan lesast nedanfor.

Med helsing

Silje Beate Sylte  
konsulent arkiv





## VESTNES KOMMUNE

### Saksframlegg

Arkiv: 033  
Arkivsaksnr.: 2019/1118  
Saksbehandlar: Tone Roaldsnes  
Dato: 01.08.2019

### Val av kontrollutval for perioden 2019 - 2023

Utval	Møtedato	Utvallsak
Kommunestyret	03.10.2019	69/2019

### Saksprotokoll i Kommunestyret - 03.10.2019

#### Vedtak:

Kontrollutvalet 2019-2023 får slik samansetning:

Parti/Gruppe	Medlem	Varamedlem
Sp/Krf/Frp/H	Torfinn Marken (Sp) Marianne Frøland	Svein Wiik (Frp) Arnhild Vestnes
V/Pp/Ap/Sv	Paul Hjelvik (Pp) Inge Bergum (Ap) Margrethe Anundsen (V)	Geir Stokkeland (Sv) Mari Karadash (Ap) Gayle Vestnes (Pp)

Leiar: Inge Bergum (Ap)  
Nestleiar: Paul Hjelvik (Pp)

#### Behandling:

**Aud Sissel Løvoll Suoranta (Ap) fremma ønske om forholdstalsval og framla slik liste på vegne av V/Pp/Ap/Sv:**

1. Paul Hjelvik (Pp)
2. Inge Bergum (Ap)
3. Margrethe Anundsen (V)
4. Geir Stokkeland (Sv)
5. Mari Karadash (Ap)
6. Gayle Vestnes (Pp)

Leiar: Inge Bergum (Ap)  
Nestleiar: Paul Hjelvik (Pp)

**Karsten Perry Gjerde (Krf) fremma slik liste på vegne av Sp/Krf/Frp/H:**

1. Torfinn Marken (Sp)
2. Marianne Frøland
3. Svein Wiik (Frp)
4. Arnhild Vestnes

Leiar:  
Nestleiar:

**Aud Sissel Løvoll Suoranta (Ap) trekte sitt ønske om forholdstalsval og det vart lagt fram slik liste for avtaleval:**

Parti/Gruppe	Medlem	Varamedlem
Sp/Krf/Frp/H	Torfinn Marken (Sp) Marianne Frøland	Svein Wiik (Frp) Arnhild Vestnes
V/Pp/Ap/Sv	Paul Hjelvik (Pp) Inge Bergum (Ap) Margrethe Anundsen (V)	Geir Stokkeland (Sv) Mari Karadash (Ap) Gayle Vestnes (Pp)

Leiar: Inge Bergum (Ap)  
Nestleiar: Paul Hjelvik (Pp)

**Avrøysting:**

Lista for avtaleval vart samrøystes vedteke.

**Administrasjonssjefen si innstilling**

Vestnes kommunestyre vel følgjande medlemmer til kontrollutvalet i Vestnes:

1. ....
2. ....
3. ....
4. ....
5. ....

Av desse vert ..... valt som leiar og ..... som nestleiar.

Varamedlemmer i rekkefølge:

1. ....

2. ....
3. ....
4. ....

## **SAKSUTGREIING:**

### **Lovheimel:**

#### **§ 23-1. Kontrollutvalget**

*Kommunestyret og fylkestinget velger selv et kontrollutvalg som skal føre løpende kontroll på deres vegne.*

*Kommunestyret og fylkestinget velger selv en leder, en nestleder og øvrige medlemmer og varamedlemmer til utvalget. Lederen kan ikke være medlem av samme parti eller tilhøre samme gruppe som ordføreren. Utvalget skal ha minst fem medlemmer. Minst ett medlem skal velges blant kommunestyrets eller fylkestingets medlemmer.*

*Utelukket fra valg er*

- a) ordfører og varaordfører
- b) medlemmer og varamedlemmer av formannskap eller fylkesutvalg
- c) medlemmer og varamedlemmer av folkevalgt organ med beslutningsmyndighet. Medlemmer og varamedlemmer av kommunestyret eller fylkestinget er likevel valgbare
- d) medlemmer av kommuneråd eller fylkesråd
- e) medlemmer og varamedlemmer av kommunestyrekomité eller fylkestingskomité
- f) ansatte i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen
- g) personer som har en ledende stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlingen, i et selskap som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- h) personer som har en ledende stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i et interkommunalt politisk råd eller et kommunalt oppgavefellesskap.

*Kommunestyret og fylkestinget kan når som helst velge medlemmer til utvalget på nytt. Hvis ett eller flere medlemmer av utvalget skal skiftes ut, skal alle medlemmene velges på nytt.*

Pkt h er nytt i den nye kommunelova. Dette gjeld dei tilfella der representantskapa i eit interkommunalt samarbeid har oppretta eit underordna styringsorgan etter høvesvis § 18-3 fjerde ledd og § 19-3 femte ledd. Dersom eit slik organ i realiteten er eit "styre" med dei oppgåvene og myndigheit som normalt ligg til eit styre i eit selskap, så kan medlemene og varamedlemene i dette organet ikkje veljast til kontrollutvalet.

### **Andre forhold:**

Kontrollutvalet i Vestnes behandla i møte den 2. september 2019 framlegg til reviderte vedtekter for kontrollutvalet. Desse vil bli framlagt for kommunestyret for godkjenning i eit seinare møte. I denne samanhengen, med val til kontrollutvalet, er det viktig at kommunestyret kjenner til kontrollutvalet sitt framlegg til §2 – val og samansetting:

#### **§ 2. Val - og samansetting**

*Kontrollutvalet i Vestnes kommune består av 5 medlemmer.*

*Kommunestyret vel medlemmer og varamedlemmer, og blant medlemmene leiar og nestleiar. Funksjonstida følgjer valperioden. Minst 2 av medlemmene skal veljast blant kommunestyret sine medlemmer, og ein av desse bør vere leiar av utvalet. Leiar kan ikkje*

*vere medlem av same parti eller tilhøyre same gruppe som ordfører. Begge kjønn skal vere representert i utvalet med minst 40 prosent. Kontrollutvalet skal veljast i kommunestyret sitt konstituerande møte etter val av formannskap og ordfører/varaordfører.*

*Utelukka frå val er ordfører, varaordfører, medlem og varamedlem til formannskap, medlem og varamedlem av folkevald organ med avgjerdsmynde, medlem og varamedlem av kommunestyrekomité, tilsette i kommunen, personar som har leiande stilling eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamling i eit selskap kommunen har eigarinteresser i, personar som har leiande stilling eller som er medlem eller varamedlem av styret i eit interkommunalt politisk råd elle eit kommunalt oppgåvefelleskap.*

Særutskrift til:

- Kontrollutvalsekretariatet v/Jane Anita Aspen - [postmottak@kontrollutvalgromsdal.no](mailto:postmottak@kontrollutvalgromsdal.no)
- Valde medlemmer og varamedlemmer



# VESTNES KOMMUNE

## Servicekontoret

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal  
Rådhusplassen 1

6413 MOLDE

Dato	Dykkar ref.	Vår ref.	Saksnr.	Saksbehandlar / Tlf
08.10.2019		17222/2019	2017/1431	Silje Beate Sylte 71 18 40 43

### **Særutskrift - Kontrollutvalet sin rapport til kommunestyret om utvalet si verksemd i valperioden 2015 - 2019**

Vestnes kommunestyre gjorde i sitt møte den 03.10.2019 slikt vedtak i sak 95/2019:

*Kommunestyret tek framlagt rapport om kontrollutvalet si verksemd i valperioden 2015 – 2019 til vitande.*

Heile handlinga av saka kan lesast nedanfor.

Med helsing

Silje Beate Sylte  
konsulent arkiv

---

**Postadresse:**

Brugata 10  
6390 Vestnes

[www.vestnes.kommune.no](http://www.vestnes.kommune.no)

**Telefon:**

71 18 40 00

**Telefaks:**

71 18 40 01

**Org.nr.**

939 901 965

**E-post:** [postmottak@vestnes.kommune.no](mailto:postmottak@vestnes.kommune.no)



## VESTNES KOMMUNE

### Saksframlegg

Arkiv: 033  
Arkivsaksnr.: 2017/1431  
Saksbehandlar: Tone Roaldsnes  
Dato: 25.09.2019

### Kontrollutvalet sin rapport til kommunestyret om utvalet si verksemd i valperioden 2015 - 2019

Utval	Møtedato	Utvalssak
Kommunestyret	03.10.2019	95/2019

#### Saksprotokoll i Kommunestyret - 03.10.2019

##### Vedtak:

Kommunestyret tek framlagt rapport om kontrollutvalet si verksemd i valperioden 2015 – 2019 til vitande.

##### Behandling:

Tidlegare leiar for kontrollutvalet, Stig Holmstrøm, orienterte i saka.

##### Avrøysting:

Innstillinga til kontrollutvalet vart samrøystes vedteke.

#### Kontrollutvalet si innstilling

Kommunestyret tek framlagt rapport om kontrollutvalet si verksemd i valperioden 2015 – 2019 til vitande.

## SAKSUTGREIING:

### Kontrollutvalet si handsaming – 2.9.2019

Utvalet gjekk gjennom rapporten og vurderte om det var behov for suppleringar eller korrigeringar.

Sidan sekretariatet hadde gjort ferdig rapporten før administrasjonen oversendte Sluttrapport/Byggjerekneskap «Sjøfronten», så er det behov for å korrigere ei setning under kap. 4 Rekneskapsrevisjon, 3. avsnitt, før oversending til kommunestyret:

~~Kontrollutvalet har ikkje fått seg førelagt sluttrapportar for slike investeringsprosjekt denne valperioden.~~

Kontrollutvalet har i siste møte denne valperioden, fått seg førelagt sluttrekneskap/Byggjerekneskap for «Sjøfronten».

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

### Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet godkjenner vedlagte rapport om utvalet si verksemd i valperioden 2015 – 2019 som vert sendt over til kommunestyret med følgjande tilråding:

Kommunestyret tek framlagt rapport om kontrollutvalet si verksemd i valperioden 2015 – 2019 til vitande.

### Bakgrunn for saka

I medhald av Kommuneloven § 77, pkt. 6 skal kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret.

Kontrollutvalet rapporterer løpande til kommunestyret om arbeidet dei utfører, både gjennom årsmeldingar og ved framlegging av forvaltningsrevisjonsrapportar. I tillegg vert protokollar frå kontrollutvalet fortløpande lagt fram for kommunestyret som referatsaker. Kommunestyret har med dette høve til å stille spørsmål til kontrollutvalet sine medlemmer i kommunestyret.

Som eit ledd i denne rapporteringa vil kontrollutvalet legge fram ein rapport for kommunestyret om utvalet si verksemd i valperioden og vurdere om utvalet har nådd dei lovmessige krav som er sett til kontrollutvalet si verksemd.

Vedlagt følgjer:

- Eigenevaluering av kontrollutvalet sitt arbeid – Valperioden 2015 – 2019.

### VURDERING

Føremålet med rapporten er frå kontrollutvalet si side å informere om utvalet si rolle og funksjon, og at ein på den måten kan gje føringar og signal om lovmessige krav og om føremålet med utvalet si verksemd i valperioden.

Rapporten inneheld innleiingsvis ein kort presentasjon av kontrollutvalet og kontrollutvalet si rolle. Vidare gir den ein kortfatta oversikt over kontrollutvalet sine oppgåver slik dei går fram av dei gjeldande lovreglar om tilsyn og kontroll i kommunelova og i forskriftene om revisjon og kontrollutval.

Rapporten er utforma på ein måte som kan gjere den eigna til grunnlag for informasjon om tilsyn og kontroll til nytt kontrollutval og eventuelt nytt kommunestyre.  
Sekretariatet viser til vedlagt rapport om utvalet si verksemd i valperioden 2015-2019. Eventuelle forslag til endringar i rapporten som kjem fram i kontrollutvalet sitt møte vert innarbeidd i rapporten før den vert sendt over til kommunestyret.

Jane Anita Aspen  
daglig leder

Særutskrift til:  
Kontrollutvalsekretariatet

Vedlegg:  
1 Vestnes kontrollutval sin verksemdsrapport 2015 - 2019





**KONTROLLUTVALET I  
VESTNES KOMMUNE**

## **Eigenevaluering av kontrollutvalet sitt arbeid**

**Valperioden 2015 – 2019**

# 1. Innleiing

Valperioden 2015 – 2019 nærmar seg slutten og eit snart 4-årig virke for kontrollutvalet i Vestnes kommune er i ferd med å fullførast. For å kunne oppsummere eiga verksemd, for å kunne sette eige arbeid og resultat i eit kritisk lys, og for å kunne gje det påtroppande kontrollutvalet ei god innføring til sitt arbeid, ønskjer kontrollutvalet å gje ei evaluering av sitt eige arbeid i valperioden.

## 2. Om kontrollutvalet, mandat og samansetjing

Kontrollutvalet vert valt av kommunestyret og skal på vegne av kommunestyret føre det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga. Alle kommunar og fylkeskommunar er pliktig til å velje eit kontrollutval. Kontrollutvalet skal ha sekretærbistand i sitt arbeid og kommunestyret skal i medhald av kommunelova sørgje for dette.

### 2.1 Kontrollutvalet si samansetjing i perioden

Kontrollutvalet i Vestnes kommune har for perioden 2015 – 2019 følgjande samansetjing:

Funksjon	Namn	Parti	Varamedlemmer	Nr	Namn	Parti
Leiar	Stig Holmstrøm*	Ap		1	Lars Christian Fjærtøft	V
Nestleiar	Gro Ødegård	H		2	Ingrid Skjeggstad**	Sp
Medlem	Birgit Torkildson Grotle	Ap		3	Olav Egil Tomren	Krf
Medlem	Frank Ove Belsvik	Frp		4	Frank Schneider Villa	Sv
Medlem	Dagfinn Wiik*	Pp				

\* medlem av kommunestyret.

I kommunestyremøte 19.5.2016 vart Ingrid Skjeggstad\*\* valt som nytt 2. varamedlem til kontrollutvalet etter Grete Eik Bjermeland, som er tilsett i Vestnes kommune.

Ingrid Skjeggstad starta i stilling som kulturrådgevar i Vestnes kommune 1. oktober 2018. Frå den tid var ikkje Skjeggstad valbar til kontrollutvalet. Ho vart då ikkje kalla inn som vara til møter, men kommunestyret har ikkje valt ny vara i hennar stad.

### 2.2 Rammer for utvalet sitt arbeid

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ, kor deira mandat har grunnlag i kommunelova si føresegn om internt tilsyn og kontroll § 77:

Kontrollutvalet sine oppgåver er i utgangspunktet gitt i kommunelova § 77, og i forskrift om kontrollutval av 15.06.2004, men kommunestyret kan konkret be utvalet utføre særskilte tilsynsoppgåver på sine vegne. Kontrollutvalet si hovudoppgåve er å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet skal ifølge kommuneloven sørgje for at følgjande oppgåver blir utført:

- Rekneskapsrevisjon – sjå til at kommunen sine rekneskap vert revidert på ein trygg måte, gje uttale om årsrekneskapen og sjå til at revisor sine merknader til årsrekneskapen blir følgt opp.
- Forvaltningsrevisjon – utarbeide plan for forvaltningsrevisjon, basert på ei overordna analyse, følgje og rapportere resultatata frå forvaltningsrevisjonsprosjekt til kommunestyret.

- Gransking eller undersøkingar – på eige initiativ eller etter vedtak i kommunestyret, ta tak i forhold som kan oppfattast som uønskt eller i strid med mål om ei effektiv og forsvarleg forvaltning av kommunen sine ressursar.
- Selskapskontroll – utarbeide plan for selskapskontroll og føre kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap.
- Val av revisjonsordning – kontrollutvalet gjev innstilling om val av revisjonsordning til kommunestyret og eventuelt innstiller på val av revisor.
- Budsjett – utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen

Innan desse rammene skal kontrollutvalet utøve tilsynsrolla på vegne av kommunestyret, for å bidra til god tenestekvalitet, effektiv ressursutnytting og å sikre at politiske vedtak blir følgt opp.

### **Reglement for kontrollutvalet**

Det vedtatt eit eige reglement for kontrollutvalet. Retningslinene vart vedtekne i sak 65/2011 av kommunestyret i møte den 29.9.2011. Revidering av eksisterande reglement vart behandla av kontrollutvalet i møte 24.6.2015 og vart vedteke av kommunestyret i sak 66/2015.

Reglementet gir retningslinjer for samansetjing av utvalet, sakshandsaming, ressursar og oppgåver.

## **2.3 Kontrollutvalet sine ressursar**

### **Sekretariat**

Reglement for kontrollutvalet fastslår at utvalet skal ha sekretariatsbistand tilpassa deira behov. Kontrollutvalet har sekretariatsbistand frå Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal. Sekretariatet vart etablert i 2005 etter vertskommunemodellen med Molde kommune som vertskommune. I 2013 vedtok medlemskommunane å endre organisasjonsforma for sekretariatet til eit Interkommunalt Samarbeid (IS) etter kommunelova § 27 som eit eige rettssubjekt. Selskapet vart oppretta med verknad frå august 2013. I 2014 vart bemanninga i kontrollutvalssekretariatet auka frå 1 til 2 årsverk. Det hadde då lenge vore uttrykt behov for ein bemanningsauking i sekretariatet på grunn av aukande arbeidsmengde.

Sekretariatet skriv saksframstillingar, støttar kontrollutvalet med praktisk tilrettelegging og oppfølging av møter, samt vedtaksoppfølging. Sekretariatet er bindeledd mellom utval, revisjonsselskap, og administrasjon og utfører oppgåver på vegne av kontrollutvalet.

### **Revisjon**

Revisjonsordninga skal være tilpassa kommunestyret sitt tilsynsbehov, behov for oppfølging av særskilte vedtak, kompetansenivået i kommunen og kommunen si eigen organisering og internkontroll.

Ved starten av valperioden var Vestnes kommune medeigar i og hadde avtale om levering av revisjonstenester med Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal. Selskapet vart etablert i 1993 og leverte revisjonstenester til Vestnes kommune samt 8 andre kommunar i Romsdal og på Nordmøre.

Våren 2015 fatta Vestnes kommunestyre vedtak om å velje Møre og Romsdal Revisjon IKS som revisor for kommunen. Selskapet vart stifta etter vedtak i Møre og Romsdal fylkeskommune og dei 17 kommunane på Nordmøre og Romsdal. Av ulike årsaker vart etableringa forseinka og det nye selskapet var først i drift frå februar 2017. Selskapet har sidan då levert revisjonstenester til kommunen.

Kommunestyret delegerte til kontrollutvalet ansvar for å inngå ein oppdragsavtale med Møre og Romsdal Revisjon IKS, som regulerer dei tenesten som selskapet leverer.

I starten fordelte revisjonsselskapet ressursane sine i forhold til årlige honorar som vart betalt av medlemskommunane. Frå 1.1.2019 gjekk selskapet over til honorar etter medgått tid.

Selskapet har utført rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for kommunen. Til rekneskapsrevisjon vert nytta det timetallet selskapet kvart år finn nødvendig for å kunne stadfeste kommunen sin årsrekneskap. Ressursane til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vert brukt på bakgrunn av kontrollutvalet sine bestillingar av prosjekt, basert på plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll vedtatt av kommunestyret.

## **Økonomi**

*Kontrollutvalet utarbeider et forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommune eller fylkeskommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjettramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapetets/kommunerådets eller fylkesutvalgets/fylkesrådets innstilling til kommunestyret eller fylkestinget.*

*Forskrift om kontrollutvalg, kapittel 7 §18*

Kontrollutvalet har kvar haust lagt fram eit forslag til budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet i kommunen. I dette budsjettet har inngått kostnader knytt til utvalet sjølv, sekretariatstenester og revisjonstenester. Budsjettet har fordelt seg slik:

- 2016 - 882 500,-
- 2017 - 893 650.-,
- 2018 - 857 250.-,
- 2019 - 1 022 000.-

Nedgangen i 2018 skuldast at Kontrollutvalssekretariatet budsjetterte med bruk frå disposisjonsfond og at Vestnes kommune grunna folketalsnedgang fekk redusert sin prosentvise del av utgiftene til sekretariatet. Auken i budsjettet for 2019 skuldast auke i revisjonskostnader, då revisjonen gjekk over til fakturering etter medgått tid. Beløpet for 2019 er stipulert ut frå forbruk i 2018.

## **3. Arbeid i utvalet**

### **3.1 Møter**

Det har gjennom perioden vore halde 5 møter pr. år. Møtefrekvensen er tilpassa utvalet sin aktivitet og i forhold til omfanget av saker som har vore handsama. Det er frå utvalet sine medlemmer gjeve uttrykk for at det til nokre møter er mange saker/saksdokument. Det kan vurderast om ein bør utvide talet på møter til 6 pr. år. Kontrollutvalet sine møter er i hovudsak lagt til kommunehuset.

- **Melding om forfall** – Det er viktig at det blir sendt melding til sekretariatet om forfall, så snart du veit at du ikkje kan møte. Dersom du veit du blir forhindra, send melding om forfall allereie ved mottak av foreløpig sakliste. Då kan vi klare å skaffe vararepresentant. Det kan være vanskeleg på kort varsel.
- **Møteplikt** – Når ein har fått eit offentleg verv, så har ein i utgangspunktet møteplikt, dersom du ikkje har gyldig forfall (kommunelova § 8-1) . Årsaka til forfall må difor opplysast når ein melder forfall. Sidan det er møteplikt, så har ein rett til fri frå arbeid og rett til godtgjering av tapt arbeidsinntekt og reiseutgifter. Same reglar som for andre politiske utval.



Alltid  
beredt

Alltid  
habil

Alltid  
uavhen  
gig





# Kontrollutvalsmøte

- **Førebuing til møte** – Det er viktig at du har gjort deg kjent med møtedokumenta før møtet. Til nokre møter vil det være mange møtedokument. Dersom det blir naudsynt å prioritere kva de skal lese, så er det viktig å ha lese alle saksframlegga, inkludert forslag til vedtak.
- Ver budd på kva saker som skal handsamast, ha oversikt over kva opplysningar som er gjort tilgjengeleg og kva vurderingar som sekretariatet har gjort.
- Referat og orienteringssakene kan ved nokre høver vere mange og lange. Disse er tatt med då dette er relevant informasjon til dykk. Sidan dei berre skal «takast til orientering», så kan dei ofte vere like relevante å lese etter møte.



# Kontrollutvalsmøte


- **Gode møter** er kjenneteikna av aktive og engasjerte medlemmer som bidreg med innspel knytt til sakene som vert behandla og kjem med innspel om nye saker som bør undersøkast.
- **Møteleiing** – det er viktig at utvalsleiar er møteleiar. Utvalsleiar må vere godt førebudd på å leie møte. Ver tydeleg på når vedtak vert fatta.
- **Nestleiar** – Trer inn som møteleiar ved forfall frå utvalsleiar.
- **Utvalsmedlemmene** – alle utvalsmedlemmene har eit ansvar for å bidra, ikkje overlata alt ansvaret til leiar.
- **Vedtak** vet fatta i møte



# Kontrollutvalsmøte

- **Opne møter** – Kontrollutvalet sine møter er opne som alle andre offentlege møter. Det betyr at det kan vere tilhøyrarar tilstades under enkelte kontrollutvalsmøter.
- **Lukking av møte** – dersom det skal gjevast teiepliktig informasjon, så må utvalet før denne kan gjevast, ta stilling til lukking av møte. Møtet må lukkast under den delen av møtet der den teiepliktige informasjonen vert gjeve.
- **Habilitet** – dersom ein sjølv er part i ei sak, eller nær slektning er part, så kan ikkje utvalsmedlemmen delta i behandling av saka. **Må sjølv sei ifrå.**

Lytte, drøfte,  
konkludere



Opptre som  
kollegium






# Kontrollutvalsmøte

- *Korleis ønskjer utvalet at møta skal vere? Tidsramme? Kva dag?*
- *Korleis vil kontrollutvalet at saken skal presenterast i møta? Bruke skjerm?*
- **Unngå politiske omkampar** – Kontrollutvalet skal ikkje overprøve politiske prioriteringar føretatt av kommunen sine folkevalde organ.
- Erfaringar frå kontrollutvalet 2015-2019 – Gjennomgang av evaluering
- Møteplan
- <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kontrollutvalgsboken/id2468270/>

# Rolledeling

- Kommunestyre vs. kontrollutval



# Rolledeling

- Kontrollutval vs. Revisjon





# Rolledeling

## **Kontrollutval vs. kommunedirektør/rådmann/administrasjonssjef**

- Administrasjonssjefen møter på førespurnad frå utvalet, og elles i opne møter
- Førespurnader til administrasjonen går via administrasjonssjefen.
- Skal kunne spørje om kva om helst, men må vere merksam på belastning.
- Skal ikkje spørje fordi ein er nysgjerrig, må vere relevant i forhold til risikovurdering
- Utvalet kan ikkje pålegge, berre oppmode





# Rolledeling

## **Kontrollutval vs. Ordfører**

- Ordfører har møterett og talerett i kontrollutvalet
- Kontrollutvalet kan kontrollere ordfører



# Møteprotokollar

- Etter møte klargjer sekretariatet protokollen
- Protokollen blir utsendt medlemmene for merknader og korrigeringar med følgjande melding:
  - *Ber om at de les protokollen grundig*
  - *Er den i samsvar med det som vart behandla og vedtatt i møte?*
  - *Gi ei rask tilbakemelding dersom de finner feil eller manglar ved protokollen*
- Dersom det er ønskje om korrigeringar vert dette gjort av sekretær etter avtale med utvalsleiar.




# Møteprotokollar

- Protokollen vert formelt godkjent av utvalet i påfølgjande møte, samstundes som protokollen vert underskrive av dei som vert valt til å til å signere.



# Praktisk informasjon

- Korleis få tilgang til sakene på ipad/PC?
- Møtegodtgjering
- Reisegodtgjering
- Tapt arbeidsforteneste



## Kva har kontrollutvalet arbeidd med i førige valperiode?

- Kontrollutvalet sin verksemdsrapport 2015-2019
- Oppfølgingsliste
- Erfaring frå tidlegare leiar.



# Kva er forvaltningsrevisjon?

## **§ 23-3. Forvaltningsrevisjon**

*Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.*

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.*

*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.*



# Forvaltningsrevisjon

- Oversikt over dei siste forvaltningsrevisjonane i Vestnes kommune:
  - Heimetenesta (2019)
  - Helsestasjon- og skolehelsetenesta ( 2017)
  - Samhandlingsreformen i Vestnes kommune (2015)
  - Kvalitet i sjukeheimstenestene (2013)





# Kva er eigarskapskontroll?

## **§ 23-4.Eierskapskontroll**

*Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.*

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.*

*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.*





# Eigarsskapskontroll

- Kontrollutvalet i Vestnes kommune har ikkje bestilt eigarskapskontrollar eller selskapskontrollar (Selskapskontroll=Forvaltningsrevisjon + eigarskapskontroll) dei siste 3 valperiodane.
- Kontrollutvalet har som referatsak fått framlagt (RS 01/18) resultatet av **Eierskapskontroll – ÅRIM** . Rapporten var bestilt av kontrollutvalet i Ålesund kommune.





# Medlemsorganisasjonar

- **FKT – Forum for kontroll og tilsyn** - Føremålet er å vere ein møte- og kompetanseplass for folk som arbeider med kontroll og tilsynsfunksjon i kommunar, Sametinget og fylkeskommunar. Kommunen er medlem + sekretariatet er medlem
- **NKRF – Norges kommunerevisorforbund** - føremål er å fremje ei sunn utvikling av revisjon og tilsyn i kommunal sektor til beste for kommunar og fylkeskommunar, og som serviceorgan å gje råd, rettleiing og informasjon og å tilby kurs og etterutdanning. Sekretariatet er medlem.
- Utvalsmedlemmene vil motta NKRF sitt medlemsblad: Kommunerevisoren



## Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 36/19	Kontrollutvalet	4.11.2019

### **BESTILLING AV RISIKO- OG VESENTLEGURDERING AV KOMMUNEN SI VERKSEMD OG VERKSEMD I SELSKAP – SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON**

#### **Sekretariatet si tilråding**

Kontrollutvalet bestiller frå Møre og Romsdal Revisjon IKS ei risiko- og vesentlegvurdering av Vestnes kommune si verksemd og verksemd i kommunen sine selskap innafør ei ramme på inntil 150 timer.

Risiko- og vesentlegvurderinga skal gjennomførast i tråd med det som kjem frem i saksframlegget.

#### **Bakgrunn for saka**

Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon følgjer av kommunelova § 23-3 og Forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 4 og 5.

Kontrollutvalet skal rapportere og legge fram gjennomførte forvaltningsrevisjonsrapportar og resultatata av disse til kommunestyret, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 4.

#### **§ 23-3. Forvaltningsrevisjon**

*Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.*

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.*

*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.*

#### **VURDERING**

Kontrollutvalet skal i denne saka bestille ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemd i kommunen sine selskap. Foremålet er å finne ut kor det er størst behov for forvaltningsrevisjon. Risiko- og vesentlegvurderinga skal danne grunnlag for utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon, som skal vise på kva områder det bør gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Kontrollutvalet skal i løpet av våren innstille til

kommunestyret om kva Plan for forvaltningsrevisjon Vestnes kommune skal ha denne valperioden.

Både risiko- og vesentlegvurderinga og forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan i prinsippet verte utført og førebudd av Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal. Sekretariatet har ut frå ein bestillar- og utførarmodell sett føre seg følgjande arbeidsdeling mellom kontrollutval, kontrollutvalssekretariat og revisjon:

- Kontrollutvalet bestiller ei risiko- og vesentlegvurdering av Vestnes kommune si verksemd frå Møre og Romsdal Revisjon IKS (MRR). MRR er kommunen sin revisor og kjenner kommunen sin organisasjon gjennom sitt revisjonsarbeid.
- På bakgrunn av rapport frå risiko- og vesentlegvurderinga, utarbeider Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2023, som vert behandla av kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret i Vestnes på forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023. Kommunestyret vedtek planen.
- På grunnlag av vedtatt plan for forvaltningsrevisjon bestiller kontrollutvalet forvaltningsrevisjonar utført av MRR.

For at risiko- og vesentlegvurderinga skal vere eit godt verktøy for kontrollutvalet i utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon, så vert det sett følgjande krav til utarbeiding av analysa:

- Som grunnlag bør bl.a. nyttast kommunale dokument og vedtak, tilgjengelege statistikkar og tilsynsrapportar. I tillegg bør det innhentast informasjon frå administrasjonssjef, tilsette, ordførar, politikarar, kontrollutval og sekretariat.
- Det bør gjennomført to dialogmøter med kontrollutvalet.
- Det skal utarbeidast ei risikomatrise som identifiserer risiko og konsekvens; Høy/uakseptabel risiko, middels risiko, lav/akseptabel risiko.
- Risiko- og vesentlegvurderinga skal leverast til kontrollutvalet v/sekretariatet seinast i løpet av april 2020

Risiko- og vesentlegvurderinga skal gjennomførast innafor ei ramme på inntil 150 timer.

Jane Anita Aspen  
daglig leder



## Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 37/19	Kontrollutvalet	4.11.2019

### **BESTILLING AV RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING AV KOMMUNEN SIN EIGARSKAPSKONTROLL - SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL**

#### **Sekretariatet si tilråding**

Kontrollutvalet bestiller frå Møre og Romsdal Revisjon IKS ei risiko- og vesentlegvurdering av Vestnes kommune sin eigarskap innafør ei ramme på inntil 50 timer.

Risiko- og vesentlegvurderinga skal gjennomførast i tråd med det som kjem frem i saksframlegget.

#### **Bakgrunn for saka**

Kontrollutvalet sine oppgåver ved eigarskapskontroll følgjer av kommunelova § 23-4 og Forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 4 og 5.

Kontrollutvalet skal rapportere og legge fram gjennomførte eigarskapskontrollar og resultatata av disse til kommunestyret, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 4.

#### **§ 23-4. Eierskapskontroll**

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

#### **VURDERING**

Kontrollutvalet skal i denne saka bestille ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sin eigarskap. Foremålet er å finne ut kor det er størst behov for eigarskapskontroll. Risiko- og vesentlegvurderinga skal danne grunnlag for utarbeiding av Plan for eigarskapskontroll, som skal vise på kva områder det bør gjennomførast eigarskapskontrollar. Kontrollutvalet skal i løpet av våren innstille til kommunestyret om kva Plan for eigarskapskontroll Vestnes kommune skal ha denne valperioden.

Både risiko- og vesentlegvurderinga og forslag til plan for eigarskapskontroll kan i prinsippet verte utført og førebudd av Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal. Sekretariatet har ut frå ein bestillar- og utførarmodell sett føre seg følgjande arbeidsdeling mellom kontrollutval, kontrollutvalssekretariat og revisjon:

- Kontrollutvalet bestiller en risiko- og vesentlegvurdering av Vestnes kommune sin eigarskap frå Møre og Romsdal Revisjon IKS (MRR). MRR er kommunen sin revisor og kjenner kommunen sin organisasjon gjennom sitt revisjonsarbeid.
- På bakgrunn av rapport frå risiko- og vesentlegvurderinga, utarbeider Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2023, som vert behandla av kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret i Vestnes på forslag til plan for eigarskapskontroll 2020-2023. Kommunestyret vedtek planen.
- På grunnlag av vedtatt plan for forvaltningsrevisjon bestiller kontrollutvalet forvaltningsrevisjonar utført av MRR.

For at risiko- og vesentlegvurderinga skal vere eit godt verktøy for kontrollutvalet i utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon, så vert det sett følgjande krav til utarbeiding av analysa:

- Som grunnlag bør bl.a. nyttast kommunen si eigarskapsmelding, årsmeldingar, kommunale vedtak, offentlege register og tilsynsrapportar. I tillegg til at det bør innhentast informasjon frå administrasjonssjef, dagleg leiarar/styreleiarar, ordførar, politikarar, kontrollutval og sekretariat.
- Det bør gjennomførast to dialogmøter med kontrollutvalet.
- Det skal utarbeidast ei risikomatrise som identifiserer risiko og konsekvens; Høy/uakseptabel risiko, middels risiko, lav/akseptabel risiko.
- Risiko- og vesentlegvurderinga skal leverast til kontrollutvalet v/sekretariatet seinast i løpet av april 2020

Risiko- og vesentlegvurderinga skal gjennomførast innafor ei ramme på inntil 150 timer.

Jane Anita Aspen  
daglig leder



**VESTNES KOMMUNE**  
**Kontrollutvalet**

Saksmappe: 2019-1535/05  
Arkiv: 216  
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen  
Dato: 25.10.2019

**Saksframlegg**

<b>Utvalgssaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 38/19	Kontrollutvalet	4.11.2019

**REVISJONS- OG KOMMUNIKASJONSPLAN 2019**

**Sekretariatet si tilråding**

Kontrollutvalet tar revisjonen sin presentasjon av Revisjons- og kommunikasjonsplan for revisjonsåret 2019 til orientering.

**Bakgrunn for saka**

Etter Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 21 *Krav til dokumentasjon av revisors virksomhet*, skal revisor dokumentere korleis revisjonen er gjennomført og resultatet av revisjonen. Etter forskrifta § 3 skal Kontrollutvalet halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet og påsjå at kommunen sine årsrekneskap blir revidert på ein trygg måte, at rekneskapsrevisjonen vert utført i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalet sine instruksar og at rekneskapsrevisjonen blir utført av revisor som oppfyller bla. krav til kvalifikasjonar og uavhengigheit.

Vedlagt følger:

- Revisjons- og kommunikasjonsplan 2019, datert 23.9.2019 frå Møre og Romsdal Revisjon IKS

**VURDERING**

Kontrollutvalet skal halde seg orientert om revisjonsarbeidet og påsjå at revisjonsarbeidet vert utført på ein forsvarleg måte.

Kontrollutvalet vil i dette møtet få presentert revisjonen sin plan for gjennomføring av revisjonen revisjonsåret 2019. Revisjonsåret 2019 varer frå juni 2019-mai 2020. Utvalet vil undervegs i revisjonsåret få ein rapport frå revisjonen om korleis arbeidet går etter planen. Dette vert kalla ein interimrapport. Ved slutten av revisjonsåret, samstundes med framlegging av revisjonsberetning knytt til årsrekneskapen 2019, vil revisjonen summere opp arbeidet og informere kontrollutvalet om kva som må følgjast opp vidare i neste revisjonsår.

Oppdragsansvarleg revisor, Anne Oterhals, vil i møte gje kontrollutvalet ein presentasjon av revisjonsstrategi for revisjonsåret 2019. Det vert teke atterhald om at revisor i møte kan gjere nokre korrigeringar i planen, basert på oppdatert kunnskap.

Jane Anita Aspen  
daglig leder

# KOMMUNIKASJONS- OG REVISJONSPLAN 2019

## VESTNES KOMMUNE

MØTE MED ADMINISTRASJONEN 19. SEPTEMBER

KONTROLLUTVALGET 04. NOVEMBER

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

## MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA FRA 01.01.2020


2



### 25 ansatte med høy kompetanse


Kontor i Kristiansund, Ålesund, Molde og en ansatt i Surnadal.

Et betydelig kompetansemiljø i Møre og Romsdal.



### Representerer 219 000 innbyggere

Nye Ålesund kommune, nye Molde kommune, Hustadvika kommune sammen med 19 andre kommuner, samt Møre og Romsdal fylkeskommune



### Estimert omsetning på om lag MNOK 30

Regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll, attestasjoner og rådgivning

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS



## VÅR KOMPETANSE

3

- ▶ Vi kjenner kommunene våre og kommunal sektor godt
- ▶ Vi har et bredt fagmiljø som består av:
  - ▶ Statsautoriserte revisorer
  - ▶ Registrerte revisorer
  - ▶ Samfunnsvitere
  - ▶ Statsvitere
  - ▶ Diplomert internrevisor
  - ▶ Jurist m.m.



MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

## REVISJONSHONORAR

4


- ▶ Honorar gjeldende kommune:
  - ▶ 2020 estimat: TNOK 680 inkl. handlinger for forvaltningsrevisjon.
  - ▶ Honoraret bestemmes av faktisk medgått tid og blir fakturert i kategoriene:
    - ▶ Revisjonshonorar inkl. møter
    - ▶ Attestasjoner
    - ▶ Forvaltningsrevisjon
    - ▶ Ev. andre særskilte bestillinger

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

# VIRKSOMHETSSTYRING – «ORDEN I EGET HUS»

5

Effektiv kontroll i forretningsprosessene/ tjeneste-produksjon gir kvalitet i finansiell rapportering.




Revisjonens forretningsorienterte og kontrollorienterte angrepsvinkel

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

# MODENHETSnivå FOR INTERNKONTROLL

6




MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

## PLAN FOR KOMMUNIKASJON

7

- Ev. oppsummering av interimrevisjonen i kontrollutvalg hvis ikke gjennomført i 4. kvartal



- **Revisjonsberetning**
- Presentasjon av oppsummering fra årsoppgjørrevisjon i kontrollutvalg og med administrasjonen

- Gjennomgang av funn og forslag til forbedringer til administrasjonen
- Presentere oppsummering fra interimrevisjon i kontrollutvalg

- Presentere revisjonsplan i kontrollutvalg

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

## REVISJONSPLAN 2019

VESTNES KOMMUNE

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

## OPPFØLGINGSPUNKTER FRA 2018

9

- ▶ Obligatoriske budsjettskjema
  - ▶ Anbefales brukt også ved budsjettendringssaker.
- ▶ Bankkonti utenfor kommunen sitt regnskap
  - ▶ Gjenstår noen få konti som skal tas inn i kommunen sitt regnskap
  - ▶ Oppsummering fra administrasjonen
- ▶ Internkontroll
  - ▶ Forankring av nye rutiner ute i kommunen
  - ▶ Dokumentasjon av kontroller som gjøres
- ▶ Refusjon særlig ressurskrevende tjenester
  - ▶ Sikre god sammenheng mellom regnskapsførte lønnskostnader og grunnlag for refusjonskrav

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

## OPPFØLGINGSPUNKTER FRA 2018 forts.

- ▶ Lønn
  - ▶ Innføre rutinen for internkontroll
    - ▶ ledelsesattesterte lønningslister.
- ▶ Skille drifts- og investeringsutgifter
  - ▶ Restlevetid ved påkostninger, eks reasfaltering

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

## FOKUS- OG RISIKOPUNKTER 2019

11

- ▶ Generelle risikopunkter
  - ▶ Lov om offentlige anskaffelser
    - ▶ Oppfølging av nytt innkjøpsreglement
  - ▶ Transaksjoner med nærstående
    - ▶ Anbefaler å utarbeide rutiner for å kartlegge slike transaksjoner
  - ▶ Periodisering
    - ▶ Påløpte kostnader – påløpt lønn

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

## FOKUS – OG RISIKOPUNKTER 2019 forts.

- ▶ Særskilte risikopunkter
- ▶ Finansrapportering
  - ▶ Konklusjon på forvaltningen i perioden
- ▶ Internkontroll
  - ▶ Dokumentasjon av utførte kontroller

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

## GJENNOMFØRING

13

- ▶ Planfase August - Oktober
  - ▶ Foreløpig vurdering av risiko
  - ▶ Foreløpig vurdering av internkontroll
  - ▶ Vesentlighetsgrenseberegning
  - ▶ Ressursplanlegging

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

## GJENNOMFØRING INTERIM (OKT-DES)

14

- ▶ Kartlegging internkontroll og testing
- ▶ Substanshandlinger inkl. analyser
  - ▶ Lov om offentlige anskaffelser inkl. rammeavtaler og oppfølging av disse
  - ▶ Transaksjoner med nærstående
  - ▶ Delegasjon/fullmakter
- ▶ Gjennomgang av skille drift/investering for inneværende år og for neste budsjettår
- ▶ Attestasjoner
  - ▶ Mva-kompensasjon
  - ▶ Attestasjon av prosjektrekskaper

Gjennomføres ved revisjonsbesøk hos kommunen, besøk enheter og kontorrevisjon.

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

## FORBEREDELSE ÅRSOPPGJØR (NOV-DES)

15

- ▶ Tilbakemeldinger etter interim
- ▶ Utsending av PBC-liste for forventningsavklaring for dokumentasjon og avstemming



MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

## GJENNOMFØRING ÅRSOPPGJØR

16

- ▶ Kontroll av avstemminger
- ▶ Kontroll av årsoppgjørsposteringer
  - ▶ Avsetninger
  - ▶ Låneavdrag
  - ▶ Tapsavsetninger
  - ▶ Verdivurderinger
- ▶ Ev. Saldoforespørsler
- ▶ Ev. Advokatbrev/Bankbrev
- ▶ Fullstendighetserklæring

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS







MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

## GJENNOMFØRING ÅRSOPPGJØR FORTS.

20

- ▶ Gjennomgang av årsregnskapet
- ▶ Gjennomgang av noter
- ▶ Gjennomgang av årsmelding
- ▶ Kontroll av budsjett i årsregnskapet (budsjettvedtak og vesentlige avvik)
- ▶ Vurdering av avsetning/bruk av fond
- ▶ Kontroll av sjekklister utfylt av kommunen

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

## RAPPORTERING TIL ADMINISTRASJONEN

21

- ▶ Revisjonsplan og risikovurdering – September
- ▶ Interimsrapportering – Desember/Januar
- ▶ Rapportering etter årsoppgjøret – Mai-Aug. 2020

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

## REVISJONSTEAM REGNSKAPSREVISJON

22

- ▶ Oppdragansvarlig revisor: Anne Oterhals
- ▶ Team manager/kontaktperson : Hilde Myrvang

Egne team for forvaltningsrevisjon og kommunale foretak.  
Øvrige revisorer i MRR er tilgjengelige ved behov.

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS

“ Vi vil bidra til at innbyggerne i  
vårt distrikt får enda bedre  
kommuner å bo i ”

- Møre og Romsdal Revisjon IKS

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon IKS



**VESTNES KOMMUNE**  
**Kontrollutvalet**

Saksmappe: 2019-1535/05  
Arkiv: 033  
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen  
Dato: 25.10.2019

**Saksframlegg**

<b>Utvalgssaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 39/19	Kontrollutvalet	4.11.2019

**OPPFØLGINGSLISTE**

**Sekretariatet si tilråding**

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

**Bakgrunn for saka**

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 2.9.2019.

I dette møtet er det ikkje lagt opp til orienteringar frå administrasjonen knytt til saker på oppfølgingslista

**VURDERING**

Dersom det er saker utvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møte eller i eit seinare møte, kan desse bli fremja i møte for oppføring på oppfølgingslista.

Jane Anita Aspen  
daglig leder

**KONTROLLUTVALET I  
VESTNES KOMMUNE**

**SAKSOPPFØLGING**

(å jour pr. 02.09.19)

Saker som er tatt opp:	Merknad:	Status:
<p>13.03.13 <b>Internkontroll i Vestnes kommune</b> Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Kontrollutvalet ønskjer orientering om administrasjonssjefen sin internkontroll (herunder organisering, delegasjon, fullmakter, tilvisningsmynde etc.) i kommunen. I tilsynsrapporten frå Helsetilsynet v/ Fylkesmannen i Møre og Romsdal som vart lagt fram i møtet 13.03.2013 kom det fram at leiinga i kommunen i liten grad har arbeidd med internkontrollen for dei tenesteområda som omfattast av tilsynet. Det vart òg peika på, og vist til tidlegare tilsyn, at kommunen ikkje hadde tilfredstillande system for behandling av avvik. Kontrollutvalet fekk ei orientering i møte 10.12.2013 om det nye internkontrollsystemet Risk Manager. Kommunalsjef Rune Håseth informerte i møte 03.12.14 om at ein ikkje var kome så mykje lengre, enn når ein orienterte for eitt år sidan. Kontrollutvalet har fått jamlege statusrapportar</p>	<p><b>13.03.13:</b> Sekretæren vert beden om å kontakte administrasjonssjefen og be om ei orientering til neste møte i kontrollutvalet. <b>29.05.13:</b> Kontrollutvalet vil få ei orientering i møtet i september 2013. <b>19.09.13:</b> Kontrollutvalet vil få ei orientering i neste møte. <b>10.12.13:</b> Orientering gitt av administrasjonen i dagens møte, jf. orienteringssak OS 12/13. Kontrollutvalet ønskjer å få ein ny rapport om bruken av internkontrollsystemet Risk Manager om eit år. <b>03.12.14:</b> Kommunalsjef Rune Håseth informerte om at ein ikkje var kome så mykje lengre, enn når ein orienterte for eitt år sidan. Frank Skorgenes har nyleg blitt systemansvarleg for internkontroll systemet og HMS. Ein startar no med innføring av Risk Manager. Ein føresetnad for å ta i bruk dette er at alle tilsette har same type e-postadresse, det vert no samkjørt. Det er ikkje avklart kva dokument som skal ligge i dette systemet eller kva som skal definerast som eit avvik. Alle driftsleiarane må få ny opplæring. Kontrollutvalet ønskjer statusrapport om eit halvår. <b>28.04.15:</b> Kontrollutvalet utset å be om statusrapport til møte i oktober, grunna mange orienteringar i junimøtet. <b>17.09.15:</b> Orientering gitt av administrasjonen i dagens møte , jf. Orienteringssak OS 20/15. Kontrollutvalet konkluderer med at dei ønskjer ei ny orientering om 1 år, for å sjå korleis systemet er tatt i bruk i organisasjonen. <b>16.11.16:</b> Orienteringa som var etterspurt til dagens møte vert utsatt til etter nyttår, og vert etter tilråding frå adm.sjefen, halde samstundes med orienteringa om «Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklings-hemma» <b>14.02.17:</b> Ass.adm.sjef Rune Håseth orienterte utvalet i dagens møte jf. OS 06/17. Utvalet ønskjer ein ny statusrapport i KU-møte 22.11.17. <b>22.11.17:</b>Rune Håseth orienterte i dagens møte jf. OS 28/17. Utvalet ønskjer ei ny</p>

		<p>orientering før sommaren 2018.</p> <p><b>11.04.18:</b> Kontrollutvalet ønskjer at ny orientering vert utsett til møte 24.09.18.</p> <p><b>24.09.18:</b> Frank Skorgenes orienterte i dagens møte jf. OS 05/18. Utvalet ønskjer ein ny statusrapport om 1 år.</p> <p><b>02.09.19:</b> Utvalet utsatte å be om denne orienteringa til nytt utval.</p>
<p>24.02.15</p> <p><b>Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune</b></p> <p>Ansvar: Rev./sekr.</p>	<p>Kontrollutvalet vedtok i møte 13.12.13 å bestille forvaltningsrevisjonsprosjekt-et «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune». Prosjektplanen vart handsama i møte 08.09.14 sak 26/14. Rapporten vart lagt fram møte 24.06.15 sak PS 18/15. Oppfølging av rapporten vart behandla våren 2017.</p>	<p><b>24.06.15:</b> Rapporten vart lagt fram i dagens møte sak PS 18/15.</p> <p><b>14.02.17:</b> Adm.sjefen har informert revisjonen om at dei treng meir tid for å svare ut alle anbefalingane. KU vil få sak om oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet i neste møte.</p> <p><b>02.05.17:</b> Kontrollutvalet handsama oppfølging av forv.rev.rapporten i dagens møte, jf. sak 13/17. Utvalet ønskjer å følgje attståande arbeid med tilrådingane.</p> <p><b>11.04.18:</b> Adm.sjefen har i e-post 04.04.18 opplyst at utvalet vil få denne orienteringa i neste møte.</p> <p><b>09.05.18:</b> Kommunalsjef Greta Bjerke orienterte utvalet om attståande arbeid, jf. OS 03/18. Utvalet ønskjer å følgje opp det vider arbeidet knytt til tilråding nr. 1.</p> <p><b>07.05.19:</b> <b>Kontrollutvalet vel å avslutte oppfølging av dette forvaltningsrevisjons-prosjektet</b>, då den anbefalinga som står att ikkje vil bli fullført før i 2020.</p>
<p>26.05.16</p> <p><b>Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma</b></p> <p>Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Det vert i Vestnes kommune si årsmelding 2015 gjeve informasjon om at kommunen framleis arbeider med å lukke avvik som vart avdekt i tilsyn som fylkesmannen gjennom-førte i 2011 ved Bu- og habiliteringstenestene. Det vart avdekt alvorlig svikt i internkontroll og styrings-systemet til kommunen. Administrasjonssjefen forventa å få lukka avvika i løpet av våren 2016. Tilsynet vart avslutta i brev frå fylkesmannen 05.07.17, men fylkesmannen har varsla nytt tilsyn.</p>	<p><b>16.11.16:</b> Fylkesmannen har bede om meir dokumentasjon. Orienteringa vert etter tilråding frå adm.sjefen utsett til etter fylkesmannen har avslutta sitt tilsyn.</p> <p><b>14.02.17:</b> Einingsleiar for Bu- og habiliteringstenestene, Anna Balstad, orienterte utvalet i dagens møte jf. OS 07/17. KU ønskjer å følgje saka til fylkesmannen har gjort vedtak om å lukke tilsynet.</p> <p><b>02.05.17:</b> Utvalet ønskjer å skrive eit brev til fylkesmannen der det vert uttrykt missnøye med at kommunen har venta på svar frå FM sidan okt. 2016. Utvalsleiar og sekretær får fullmakt til utforme brevet.</p> <p><b>12.06.17:</b> Det vart 09.05.17 sendt brev frå kontrollutvalet (KU) til fylkesmannen (FM) der det vart etterlyst svar til kommunen. FM kalla i brev 19.05.17 inn kommunen til møte. Adm.sjef. orienterte KU frå dette møte, jf. OS 23/17. KU vil</p>

		<p>følge saka til kommunen har fått svar på lukking av avvik frå tilsyn i 2011.</p> <p><b>02.10.17:</b> Avviket er lukka jf. brev frå fylkesmannen 05.07.17. Utvalet fekk orientering frå einingsleiar Anna Balstad i dagens møte jf. OS 25/17. Det er varsla nytt systemtilsyn i 2018. Kontrollutvalet vil halde seg orientert om resultatet av nytt tilsyn.</p> <p><b>06.12.18:</b> Sekretær opplyste at fylkesmannen har lagt inn i sine planar nytt tilsyn på tvang og makt, samt legemiddelhandtering for utviklingshemma våren 2019.</p> <p><b>07.05.19:</b> Sekretær viste til at det i Driftsrapport pr. 1. kvartal, framgår at kommunen har fått utsett dette tilsynet til hausten 2019.</p>
<p>20.02.18</p> <p><b>Innkjøp og offentlege anskaffingar</b></p> <p>Ansv: adm./sekr.</p>	<p>Anskaffingsregelverket er omfattande og erfaringsvis er dette eit risikoområde som det er viktig at kontrollutvalet følgjer opp. Vestnes kommune deltek i innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre. Deltakarar er Ålesund og 18 kommunar som er geografisk plassert rundt Ålesund. Kontrollutvalet ønskjer ei årleg oppdatering av status på innkjøpsområdet, bl.a. organisering av samarbeidet, status for rammeavtar og korleis administrasjonssjefen sikrar at regelverket vert følgt.</p>	<p><b>20.02.18:</b> Kontrollutvalet ønskjer i møte 11.04.18 ei orientering om organisering av innkjøpsarbeidet i Vestnes kommune, og korleis arbeidet med innkjøp og offentlege anskaffingar vert kvalitetssikra.</p> <p><b>11.04.18.</b> Adm.sjefen orienterte utvalet i dagens møte, jf. OS 02/18. Utvalet vil følgje opp at innkjøpsreglementet kjem på plass og ønskjer ein ny statusrapport våren 2019.</p> <p><b>12.02.19:</b> Utvalsleiar opplyste at formannskapet i møte 11.02.19 handsama sak om Innkjøpsstrategi og innkjøpsreglement. Saka vert behandla i neste kommunestyremøte.</p> <p><b>26.06.19:</b> Utvalet ønskje ei oppdatering om status på innkjøpsområdet i møte 2.9.2019.</p> <p><b>02.09.19:</b> Utvalet utsatte å be om denne orienteringa til nytt utval.</p>
<p>20.02.18</p> <p><b>Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester»</b></p> <p>Ansv.: adm./sekr.</p>	<p>Kontrollutvalet vedtok i møte 14.02.17 å bestille forvaltningsrevisjonsprosjektet «Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester».</p> <p>Prosjektplanen vart handsama i møte 02.05.17 sak 14/17. Rapporten vart lagt fram møte 02.10.17 sak PS 23/17 og i kommunestyret 19.10.17, sak 90/2017. Oppfølging av rapporten er venta i første møte 2019.</p>	<p><b>12.02.19:</b> Kontrollutvalet behandla sak om oppfølging tilrådingane i rapporten i dagens møte jf. sak 03/19. Administrasjonssjef Tone Roaldsnes og einingsleiar barn, ungdom og familie, Elly Slettvoll orienterte. Utvalet ber om ny statusrapport i første møte hausten 2019.</p> <p><b>02.09.19:</b> Utvalet fekk skriftleg statusrapport frå adm.sjef, jf. OS 04/19, samt munnleg orientering i møte. Utvalet er trygg på at administrasjonen følgjer opp tilrådingane på ein god måte og avsluttar oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet. Utvalet vil likevel rå det nye kontrollutvalet til å følgje opp utviklinga i «Prosjekt psykisk helse for barn og unge i Vestnes».</p>
<p>12.02.19</p> <p><b>Nytt personvernregelverk</b></p>	<p>I 2018 har Norge fått ei ny personopplysningslov.</p>	<p><b>07.05.19:</b> Utvalet ønskjer i møte 17.06.19 å få ei orientering om korleis kommunen</p>

<p>Ansv.: adm./sekr</p>	<p>Lova inneheld nasjonale reglar og EU sin personvernforordning (GDPR - General Data Protection Regulation). Forordninga er et sett reglar som gjeld for alle EU/EØS-land. Gjennom å ha god internkontroll og god informasjonstryggleik kan kommunen sikre at den behandlar personopplysningar lovleg, sikkert og forsvarleg. Det er interessant for kontrollutvalet å skaffe seg informasjon om korleis kommunen har innretta seg etter dei nye personvernopplysningsreglane.</p>	<p>har innretta seg etter dei nye personopplysningsreglane.  <b>26.06.19:</b> Hilde Rekdal, personalrådgjevar og tryggleiksansvarleg for personvern, informerte utvalet i dagens møte jf. OS 01/19.</p>
-------------------------	---	---





## VESTNES KOMMUNE

### Kontrollutvalet

Saksmappe: 2019-1535/05  
Arkiv: 033  
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen  
Dato: 25.10.2019

### Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 40/19	Kontrollutvalet	4.11.2019

### EVENTUELT

#### Tiltaksplan 2019 – Kontrollutvalet i Vestnes

Det blir høve til å oppdatere tiltaksplanen i møte.

#### Fastsetjing av dato for kontrollutvalet sitt første møte i 2020

Kontrollutvalet sin møteplan for eit helt år vert normalt fastsett av utvalet i det første møte i nytt år.

Det er formålstenleg at dato for kontrollutvalet sitt første møte i nytt år vert avtalt i det siste møtet i inneverande år.

Kommunen sin møteplan for politiske møter i 2020 er ikkje fastsett enda. I Vestnes er møter i formannskap og kommunestyret normalt på måndag og torsdag. Sekretariatet vil foreslå **tyrsdag 11. februar** som dato for utvalet sitt første møte i 2020.

#### Deltaking på nasjonale opplæringskonferansar i 2020?

Det vert arrangert to årlege nasjonale konferansar som er spesielt retta mot arbeidet i kontrollutvala. Begge konferansane vert i 2020 avvikla på Gardermoen.

Den eine er **FKT – Forum for kontroll og tilsyn sin fagkonferanse og årsmøte** som vert avvikla på Quality Airport hotell Gardermoen 3.-4. juni 2020. Vestnes kommune er medlem av FKT, og deltakarane på konferansen, får også høve til å delta på FKT sitt årsmøte som vert avvikla i samband med konferansen. Programmet er ikkje kjent enno, men brukar å være relevant og tilpassa målgruppa som er kontrollutvalsmedlemmar og sekretariat. Dei siste år har det vore ca. 150 deltakarar på denne konferansen. Dette gjer konferansen oversiktleg for deltakarane. Prisen for tilsvarande konferanse i 2019 var 6 500,- pr. person inkl. overnatting med full pensjon.

Den andre landskonferansen er **NKRF – Norges kommunerevisorforbund sin kontrollutvalskonferanse** som blir avvikla på The Qube – Clarion hotell & Congress – Oslo Airport, Gardermoen 29.-30.januar 2020. Programmet for konferansen er ikkje kjent, men brukar å være relevant og tilpassa målgruppa som er kontrollutvalsmedlemmer, sekretariat og revisorar. Dei siste åra har det vore mellom 650-800 deltakarar på denne konferansen. Prisen for tilsvarande konferanse i 2019 var 6 700,- pr. person inkl. overnatting med full pensjon. Det er sett av midlar i budsjettet til at kontrollutvalsmedlemmer kan delta på 1 slik landskonferanse i 2020. Dersom utvalet ønskjer å prioritere at nokon skal delta på NKRF sin konferanse 29.1-30.1, så må det avgjerast i dette møtet, då utvalet ikkje vil ha fleire møter i 2019. Påmeldingsfristen er truleg i starten av desember.

Sekretariatet vil også årleg arrangere ei lokal opplæringsamling for kontrollutvala i distriktet.  
Vi skal forsøke å få til ei slik samling før årsskiftet.

Jane Anita Aspen  
daglig leder

---

# TILTAKSPLAN 2019

## KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE



**Oppdatert 02.09.19**

---

---

## Tilsyn med forvaltningen

Møte	Oppgaver knytt til tilsyn med forvaltninga
Løpande rapportering	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kontrollutvalsmedlemmene skal ha tilgang til dokument frå alle politiske utval.</li> <li>Stig Holmstrøm og Dagfinn Wiik er kommunestyret sine representantar i kontrollutvalet.</li> <li>Utvalsleiar har eit særskilt ansvar for å følgje med om det er aktuelle saker i dei andre politiske utvala som kontrollutvalet bør følgje opp.</li> <li>Rapportar frå andre tilsynsorgan og kommunen sitt svar/oppfølging (ligg i kvartalsrapporteringa)</li> <li>Sjukefråver (ligg i kvartalsrapporteringa)</li> <li>Meldingar til politiet og varslingar</li> </ul>
Aktuell informasjon/orienteringar	I den grad tema/områder ikkje blir undersøkt gjennom bestilling av forvaltningsrevisjon, kan det vere aktuelt å be om tilbakemeldingar frå administrasjonen på ulike områder, bl.a. ut frå overordna analyse for forvaltningsrevisjon. Slik informasjon blir spesifisert under kvart enkelt møte. Saker til oppfølging vil også gå fram av oppfølgingslista til kontrollutvalet
12.02.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tiltaksplan 2019 – Kontrollutvalet i Vestnes</li> </ul>
07.05.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>få skatteoppkrevjaren sin årsrapport for 2018 og kontrollrapport frå Skatteetaten til orientering</li> <li>Økonomirapport 1. kvartal</li> </ul>
26.06.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Orientering om implementering av personvernregelverk</li> </ul>
02.09.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Revidering av kontrollutvalet sitt reglement</li> <li>Orientering om handsaming av dispensasjonssaker</li> </ul>
04.11.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Økonomirapport 2. kvartal</li> <li>Økonomirapport 3. kvartal</li> <li>Status internkontrollsystem</li> <li>Status innkjøp og offentlege anskaffingar</li> </ul>

## Kontrollutvalet sine oppgaver i samband med regnskapsrevisjon.

Møte	Oppgaver knytt til rekneskapsrevisjon
	Utgangspunktet for oppgåvene er i hovudsak knytt til reglane i kap. 4 i forskrift om kontrollutval.
12.02.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Interimrapport rekneskapsrevisjon, rekneskapsåret 2018</li> </ul>
07.05.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapsrapporten for 2018, Vestnes kommune</li> <li>Årsavslutningsbrev for revisjonsåret 2018.</li> </ul>
26.06.19	<ul style="list-style-type: none"> <li></li> </ul>
02.09.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Orientering om revisjonsstrategien for revisjonsåret 2019.</li> </ul>
04.11.19	<ul style="list-style-type: none"> <li></li> </ul>

## Kontrollutvalet sine oppgaver i samband med forvaltningsrevisjon.

Møte	Oppgaver knytt til forvaltningsrevisjon
	Utgangspunktet for oppgåvene er plan for forvaltningsrevisjon og reglane i kap. 5 i forskrift om kontrollutval.
12.02.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Helsestasjon- og skolehelsetenester i Vestnes kommune»</li> <li>Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt «Hjemmetjenesten i Vestnes kommune»</li> </ul>
07.05.19	<ul style="list-style-type: none"> <li></li> </ul>
26.06.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Forvaltningsrevisjonsrapport «Hjemmetjenesten i Vestnes kommune»</li> </ul>
02.09.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Statusrapport for oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Helsestasjon- og</li> </ul>

Møte	Oppgaver knytt til forvaltningsrevisjon
	skolehelsetenester i Vestnes kommune».
04.11.19	•

### Kontrollutvalet sine oppgaver i samband med selskapskontroll.

Møte	Oppgaver knytt til selskapskontroll
	Utgangspunktet for oppgåvene er plan for selskapskontroll og reglane i kap. 6 i forskrift om kontrollutval
12.02.19	•
07.05.19	•
26.06.19	• Orientering frå Vestnes Energi AS
02.09.19	•
04.11.19	•

### Tilsyn med revisjonen

Møte	Oppgaver knytt til tilsyn med revisjonen
	Revisjonen rapporterer om si verksemd ved behov. Revisjonsplan for Vestnes kommune er til ei kvar tid tilgjengeleg for kontrollutvalet. Utgangspunktet for oppgåvene er bl.a. relatert til reglane i koml. § 77 nr. 4.
12.02.19	• Vurdering av kontrollutvalet sitt tilsynsansvar for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon, jf. NKRF sin rettleiar.
07.05.19	• Valg av revisor frå 2020 • Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor sin vurdering av uavhengigheit for Vestnes kommune for revisjonsåret 2019 • Openheitsrapport frå revisjonen
26.06.19	•
02.09.19	• Dialogmøte med revisjonen om «Honorar for gjeldande år» (2019) • Vurdering av kontrollutvalet sitt tilsynsansvar for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon, jf. NKRF sin rettleiar.
04.11.19	• Vurdering av kontrollutvalet sitt tilsynsansvar for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon, jf. NKRF sin rettleiar.

### Budsjettbehandlinga

Møte	Oppgaver knytt til budsjettbehandlinga
	Utgangspunktet for oppgåvene er reglane i forskrift om kontrollutval § 18.
12.02.19	•
07.05.19	•
26.06.19	•
02.09.19	• Forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2020
04.11.19	•

### Kontrollutvalet si rapportering

<b>Møte</b>	<b>Oppgaver knytt til Kontrollutvalet si rapportering</b>
	Utgangspunktet for oppgåvene er bl.a. relatert til reglane i koml. § 77 nr. 6.
12.02.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kontrollutvalet sin årsrapport for 2018 vert behandla og oversendt kommunestyret til orientering.</li> <li>• Oppfølging av tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapportar/selskapskontrollar skal gå fram av kontrollutvalet sin årsrapport.</li> </ul>
07.05.19	•
26.06.19	•
02.09.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kontrollutvalet sin rapport til kommunestyret om utvalet si verksemd i valperioden 2016-2019</li> </ul>
04.11.19	•